

MIDSUND KOMMUNE  
Kontrollutvalet

---

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I MIDSUND KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag, 03.03.2010 kl. 10.30 på  
Rådhuset**

**SAKLISTE:**

- Sak 01/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 8. mai 2009
- ” 02/10 - Tilsynsrapport frå Helsetilsynet om tilsyn med legemiddelbehandling ved Midsund sjukeheim 2009
- ” 03/10 - Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Midsund kommune
- ” 04/10 - Orientering om den økonomiske situasjonen
- ” 05/10 - Ny oppgåve for kommunane - beredskapsplikt
- ” 06/10 - Orientering om igangsett forvaltningsrevisjon

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Helge Løken  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
MIDSUND KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 8. mai 2009, kl. 10.30  
Møtestad: Midsund kommunehus

Møtet vart leia av: Helge Løken

Elles til stades:

Rolf Heggdal               = 2 voterande

Frå Midsund kommune møte:

Rådmann Geir Goncz og økonomisjef Anne Oterhals

Frå kommunerevisjonen møte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 17/09  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 20. MARS 2009**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte den 20. mars 2009 blir godkjent.

**SAK 18/09**  
**ÅRSMELDING 2008 – MIDSUND KOMMUNE**

Innstilling datert 05.05.2009 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2008 for Midsund kommu ne til orientering.

**SAK 19/09**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2008 – MIDSUND KOMMUNE**

Innstilling datert 05.05.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Midsund kommune sin rekneskap for 2008 blir godkjent.

Helge Løken  
leiar  
(sign.)

Rolf Heggdal  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 23.02.2010

**SAK 02/10  
TILSYNSRAPPORT FRÅ HELSETILSYNET OM TILSYN MED  
LEGEMIDDELBEHANDLING VED MIDSUND SJUKEHEIM 2009**

Som vedlegg følger:

- Rapport frå tilsyn med legemiddelbehandling i sjukeheim Midsund kommune 2009.

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Midsund sjukeheim i perioden 13.08.2009 til 07.10.2009. Av samandraget i rapporten går m.a. følgjande fram:

*Det var utilstrekkeleg kapasitet hjå pleiepersonalet for å vurdere kliniske symptom hjå pasientar, dette gjev seg utslag i ein del utfordringar i høve til smertebehandling, sårbehandling og liknande. Legenotat i pasientjournalane er knappe, og det er vanskelig å spore kliniske drøftingar. Det synes å herske uklare ansvarslinjer i enkelte arbeidsforhold blant dei som vart intervjuet. Oversikt over organisasjonen, ansvarsforhold og mynde er mangelfull og til dels utdatert og gir lite oversikt for dei tilsette.*

Av rapporten kjem det fram eitt avvik:

*Kommunen har ikkje et heilskapleg system som sikrar forsvarleg legemiddelbehandling.*

For øvrig blir det vist til vedlagte rapport. Rådmannen bli kalla inn til møtet for å gi nærare orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**HELSETILSVNET**

Tilsyn med barnevern, sosial- og helsetjenestene

Til forsiden

Om Helsetilsynet

Nyheter, media og offentlegheit

Tilsyn - funn, avgjørrelser, metoder

Hva er tilsyn?

Tilsynsrapporter

Områdeovervåking

Tilsyn med sosialtjenesten

Tilsyn med helsøtjenesten

Hendelsesbasert tilsyn

Rettlighetsklager

Meldeordning

Regelverk

Helsetilsynet i fylkene

Lenker og bibliotek

Publikasjoner, uttalelser, brev

Rettligheter og klagemuligheter

Sámegiili English

العربية 中文

Suomi Français

Русский Español

Português Deutsch

Tilsyn - funn, avgjørrelser, ... / Tilsyn med helsetjenesten /

**Rapport frå tilsyn med legemiddelbehandling i sjukeheim Midsund kommune (2009)**

Skriv ut denne siden

Utvidet søk og emneord

Nettstedskart

Nettstedet A til Å

Kontakt oss

Ledige stillinger

Om nettstedet

**Helsetilsynet i Møre og Romsdal**

Adressa til verksemda: 6475 Midsund

Tidsrom for tilsynet: 13.08.09 til 07.10.09

Kontaktperson i verksemda: Konstituert einingsleiar Leif Arne Lagesen

**Innhald**

Samandrag

1. Inneleiing

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

3. Gjennomføring

4. Kva tilsynet omfatta

5. Funn

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

7. Regelverk

8. Dokumentunderlag

9. Deltakarar ved tilsynet

**Samandrag**

Denne rapporten omtalar det tilsynet avdekkja innan dei reviderte områda. Tilsynet undersøkte om kommunen har lagt til rette for at helsepersonell som er involvert i legemiddelbehandlinga ved sjukeheimen kan utføre sine oppgåver på ein forsvarleg måte. Det einskilde helsepersonell si plikt til forsvarleg yrkesutøving er ikkje tema for tilsynet. Det medisinske faglege skjønnem knytt til behandlinga av den einskilde pasient er derfor ikkje ein del av dette tilsynet.

Systemrevisjonen omfatta følgjande område:

- ♦ Midsund sjukeheim - Fjellstua
  - Havstua
  - Solstua

Fokus for tilsynet er om Midsund kommune sitt system sikrar at bevarane ved Midsund sjukeheim får nødvendig og riktig legemiddelbehandling. Tilsynet har konsentrert seg om innlegging og vidare opphald i sjukeheimen. Tilsynet har særleg retta merksemda si mot kommunen si styring av:

- ♦ Organisering og fordeling av ansvar, oppgåver og mynde
- ♦ Kompetanse og personellstyring
- ♦ Tiltak for å leggje til rette for god praksis og korrigere og førebyggje svikt
- ♦ Oppfølging frå leinga

Midsund sjukeheim og heimetenestene har gjennom dei siste åra vore gjennom fleire omorganiseringar. Dei har ei utfordring i høve til å få tilsett sjukepleiarar i alle stillingane, og drifta er prega av at dei har knapt med sjukepleiekompetanse, særleg i høve til sjukdom, feriar og anna fråvær. Det er stor frustrasjon pga låg sjukepleieleding og turnus for sjukepleiarar.

Inkludert bakvakt for heimetenesta og sjukeheimen som opplevast belastande. Det er også uklart kven som har det sjukepleiefagleg ansvar ved feriar/sjukdom etc.

Legedekninga i kommunen har dei seinare åra vore stabil, og dei intervjuar er godt nøgd med dei legetenestene dei har i sjukeheimen, men det blir berre tid til nødvendig pasientbehandling, lite tid til internundervisning og systemarbeid. Det var stor nøgd med at legetenestene var fleksible i høve til å ta kontakt utover faste kontordagar i sjukeheimen. Det siste året er det begynt eit arbeid med å gjennomføre årskontrollar på ein del av pasientgruppene.

Midsund sjukeheim har innført avvikssystem, men dei var framleis berre i startfasa med dette arbeidet. Dei intervjuar hadde ikkje klart for seg korleis avvikssystemet vart nytta i høve til forbetningsarbeid. Det var lite retningslinjer og/eller prosedyrar gjeldande legemiddelbehandling og tilgrensa område som dei tilsette brukte. Sjukepleiarane brukte handbok for sjukepleieprosedyrar. Tenesta har eige journalsystem, og legen skreiv sine notatar i dette pasientjournalsystemet.

Det var utilstrekkeleg kapasitet hjå pleiepersonalet for å vurdere kliniske symptom hjå pasientar, dette gjev seg utslag i ein del utfordringar i høve til smertebehandling, sårbehandling og liknande. Legehotat i pasientjournalane er knappe, og det er vanskelig å spore kliniske drøftingar. Det synes å herske uklare ansvarslinjer i enkelte arbeidsforhold blant dei som vart intervjuar. Oversikt over organisasjonen, ansvarsforhold og mynde er mangelfull og til dels utdatert og gir lite oversikt for dei tilsette.

Det var nettopp konstituert einingsleiar ved sjukeheimen, og han hadde rimelegvis ikkje oversikt over korleis gjennomgang av risikoområde det til ei kvar tid vart gjort i sjukeheimen.

Revisjonsteamet fekk dårleg dokumentasjon og oppfølging før tilsynet, og ein oppfatta at kommunen hadde problem med å handtera dette. Det vart likevel ei god oppfølging og tilrettelegging for revisjonsteamet under

sjølve tilsynet.

Det blei avdekket eit avvik under tilsynet.

#### Avvik :

Kommunen har ikkje et hellskapleg system som sikrar forsvarleg legemiddelbehandling

Dato: 15.01.2010

Vigdís Røtliid Vestad, revisjonsleiar

Rolf Tøven, revisor

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Midsund sjukeheim i perioden 13.08.2009 til 07.10. 2009. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemnda hos Helsetilsynet i Møre og Romsdal i dette året. Helsetilsynet i fylket har fullmakt til å føre tilsyn med helsetenesta etter lov om statleg tilsyn med helsetenesta § 2.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemnda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøkje om:

- ♦ kva tiltak verksemnda har for å avdekkje, rette opp og førebygge brot på lovgivinga innanfor de tema tilsynet omfatta
- ♦ tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerde
- ♦ tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemnda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- ♦ Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- ♦ Merknad er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finner grunn til å påpeke betringspotensial

## 2. Omtale av verksemnda - spesielle forhold

Midsund kommune har 1922 innbyggjarar, og kommunen har 220 fast tilsette. Kommunen har såkalla flat struktur med rådmann og 11 einingsleiarar, desse utgjer rådmannens leiargruppe. Midsund sjukeheim er ei av einingane med 28 plassar, der 10 plassar er for brukarar med kognitiv svikt, og 5 plassar er til korttidsopphald for brukarar med opptreningsbehov etter sjukehusopphald osv.. Sjukeheimen er inndelt i 3 avdelingar.

Sjukeheimen har tilsett tilsynslege med ein arbeidsdag i veka.

## 3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 13.08. 2009. Oversikt over dokument som verksemnda har sendt over i samband med tilsynet, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Opningsmote blei halde 06.10.09.

#### Intervju

7 personar blei intervjuet.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Det blei gjennomført synfaring ved Midsund sjukeheim.

Slutt møte blei halde 07.10. 2009.

## 4. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet skal ha fokus på om kommunen har lagt forholda til rette slik at det einiskilde helsepersonell som er involvert i legemiddelbehandlinga kan utføre sine oppgåver på ein forsvarleg måte, jf. helsepersonelloven § 16.

Det einiskilde helsepersonell si plikt til forsvarleg yrkesutøving er ikkje eit sjølvstendig tema for tilsynet. Det medisinsk faglege skjønnnet knytt til behandlinga av den einiskilde pasient er difor ikkje ein del av dette tilsynet.

Det er vidare ikkje lagt opp til at tilsynet konkret skal vurdere legemiddelbehandlinga av enkeltpasientar. Fokus for dette tilsynet kan med eit felles omgrep kallast "rammene som er lagt til rette" for legemiddelbehandlinga, dvs, kompetanse, kapasitet, dokumentasjon og samhandling. Det blei også sett på at leinga ut i frå ei risikovurdering gjer greie for at legemiddelbehandlinga blir systematisk vurdert og følgd opp og tilpassa den einiskilde pasient sin tilstand og legemiddelbruk.

Særleg fokus ved tilsynet:

- ♦ legemiddelbehandling ved innlegging i sjukeheimen
- ♦ legemiddelbehandling ved det vidare opphaldet i sjukeheimen

## 5. Funn

### Avvik 1:

Kommunen har ikkje eit heilskapleg system som sikrar forsvarleg legemiddelbehandling

Avvik frå følgjande krav frå styresmaktene:

- ♦ Lov om helsetjenester i kommunene §§ 1-3a, 2-1, 6-3 jfr.
- ♦ Lov om helsepersonell § 16
- ♦ Tilsynsloven § 3
- ♦ Internkontrollkontrollforskriften § 4
- ♦ Forskrift om legemiddelhandtering for virksomheter og helsepersonell som yter helsehjelp § 4
- ♦ Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene

Avviket byggjer på følgjande:

Observasjonar frå intervju og gjennomgang av dokumentasjon og pasientjournalar fordelt ut ifrå følgjande hovudpunkt:

#### Organisering og fordeling av ansvar, oppgåver og mynde

- ♦ Det synes å herske uklare ansvarslinjer i enkelte arbeidsforhold blant de som blei intervjuet
- ♦ Oversikt over organisasjonen, ansvarsforhold og mynde er mangelfull og til dels utdatert og gir lite oversikt for de tilsette

#### Kompetanse- og personellstyring

- ♦ Det var utilstrekkeleg kapasitet hjå pleiepersonalet for å vurdere kliniske symptom hjå pasientar, dette gjev seg utslag i ein del utfordringar i høve til smertebehandling, sårbehandling og liknande.
- ♦ Det er 3 sjukepleiestillingar i sjukeheimen som ikkje er dekte opp, og det er ei oppleving av stor belastning pga låg sjukepleiedekning
- ♦ Det er stor frustrasjon pga låg sjukepleiedekning
- ♦ Turnus for sjukepleiarar, inkludert bakvakt for heimetenesta og sjukeheim, opplevast belastande
- ♦ Det er uklart kven som har sjukepleiefagleg ansvar ved feriar/sjukdom etc.
- ♦ Fagkompetanse er særleg sårbart på helg, i feriar og ved sjukdom

#### Tiltak for å legge til rette for god praksis og korrigere og førebygge svikt

- ♦ Legenotat i pasientjournalane er knappe, og det er vanskelig å spore kliniske drøftingar
- ♦ Avviksregistrering var innført i sjukeheimen, og særleg ei avdeling nytta seg av dette.
- ♦ Tilbakemeldingane frå dei intervjuet var at dei i liten grad visste om avviksregistreringa vart nytta i det kontinuerlege forbetningsarbeidet i sjukeheimen
- ♦ Lege er lite involvert i systemarbeidet på sjukeheimen
- ♦ Det er lite eller ikkje noko skriftlege oppdaterte prosedyrar eller retningslinjer innan områda:
  - Inntaksnote
  - Behandlingsplan
  - Pleieplan/tiltaksplan
  - Tverrfagleg samarbeid
  - Kompetanseplan
  - Risikoanalyse

#### Leiinga si oppfølging

- ♦ Det var nettopp konstituert einingsleiar ved sjukeheimen, og han hadde rimelegvis ikkje oversikt over korleis gjennomgangen av risikoområde blei handsama, ei heller anna oppfølging i sjukeheimen.

#### Kommentarar:

- ♦ Ved medisinendring er det lite drøftingar i pasientjournal i høve til indikasjonar for behandlinga, også for underliggjande diagnoser
- ♦ Ein finn opptil 12 månadar mellom legenotat i enkelte tilfeller, i mange tilfeller 3 til 4 månadar
- ♦ Det er vanskeleg å spore inntaksnote - og då er innhaldet ofte ikkje vurdering av medikamentell behandling ved inntakstid (slik som indikasjonsstilling, moglegheit for reduksjon/ seponering osv.)
- ♦ Fleire av dei som var intervjuet seier dei ikkje er gode nok å til dokumentere, særleg på tiltaksplanar /pleieplanar og behandlingsplanar, og det stemte ved gjennomgang av journalane

## 6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Det var etter fleire telefonar til kommunen vanskeleg å få tilrettelagt kontaktperson for tilsynet og tilsendt dokumentasjon. Forklaringa kommunen gav, var at einingsleiar for sjukeheimen var sjukmeldt, og det vart like før tilsynet konstituert einingsleiar for sjukeheimen. Heile tilsynet vart innverka av dette, og dei tilsette som blei intervjuet gav oss eit inntrykk av at styringssystemet ved sjukeheimen i kommunen var veldig sårbart ved sjukdom, både i leiinga og ved sjukefråvær generelt.

## 7. Regelverk

- ♦ Lov om helsetjeneste i kommunene
- ♦ Lov om statlig tilsyn
- ♦ Lov om helsepersonell

- ▼ Lov om helsepersonell
- ◆ Forskrift om sykehjem og boform heldøgns omsorg og pleie
- ◆ Forskrift om interkontroll i sosial- og helsetjenesten
- ◆ Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenesten i kommunene
- ◆ Forskrift om legemiddelhåndtering i virksomheter som yter helsehjelp ny forskrift som gjelder fra 1. mai 2008. Erstatler forskrift 18. november 1987 nr. 1153 om legemiddelforsyning m.v. i den kommunale helsetjeneste.

## 8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over da revisjonen blei førebudd:

- ◆ Organisasjonskart
- ◆ Årsrapport Midsund sykehjem 2008
- ◆ Økonomiplan 2009 -2012 og budsjett 2009
- ◆ Journalsystem PROFIL
- ◆ 5 fullmakter ved legemiddelhåndtering
- ◆ Arbeidsavtale kommunelege I
- ◆ Arbeidsavtale kommunelege II
- ◆ Legemiddelhåndtering sjukeheimen, delegasjon
- ◆ Legemiddelhåndtering open omsorg, delegasjon
- ◆ Prosedyre — Handsaming av avviksmelding
- ◆ Rapport farmasøytisk tilsyn fra Midsund sykehjem 30.07.09
- ◆ Turnusplan

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- ◆ Journalsystem — PROFIL, papirjournal med dokumentasjon fra legenotater før
- ◆ innleggelse i sykehjem — penn for medisinark
- ◆ Penn for avviksregistrering
- ◆ Vakt/bemanningsplaner for sykepleiere
- ◆ Prosedyrekunnskap i sykepleie —Martinsen og Arntzen 5.utg. Gyldendal 2006
- ◆ Penn for legevisitt
- ◆ Prosedyreperm (som ikke var i bruk)
- ◆ Brosjyre Midsund omsorgssenter
- ◆ Penn: Prosedyre for medikamenthåndtering
- ◆ Penn: Egenkontroll legemiddelhåndtering
- ◆ Penn: IK-penn- HMS- Midsund sjukeheim
- ◆ Perm: Personelhåndbok
- ◆ Stillingsomtale: Dagleg leiara for resultatføring Midsund sjukeheim, datert 11.08.05
- ◆ Prosedyre for tilsynslege ved Midsund sykehjem, datert 22.10.04
- ◆ Instruks for styrar ved Alders- og sjukeheimen, datert 18.09.87
- ◆ Kommunestyrevedtak vedrørende turnuslegetjeneste, datert 25.02.08

Korrespondanse mellom verksemda og Helsetilsynet i Møre og Romsdal:

- ◆ Brev frå Helsetilsynet i Møre og Romsdal, varsel om tilsyn 13.08.09
- ◆ Epost frå kommunen med dokumentasjon tilsendt like før tilsynet
- ◆ Program frå Helsetilsynet for tilsynsdagane blei i samarbeid med kommunen utarbeid like før tilsynet, 02.10. 2009

## 9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Geir J. Gøncz	rådmann	x	x	x
Leif Amé Lagesen	Konstituert einingsleiar	x	x	x
Malene Stormyr	sjukepleiar	x	x	x
Marthe Lervik	sjukepleiar	x		x
Simone Habib	tilsynslege	x	x	x
Anne-Mari Hagtvedt Holte	turnuslege			x
Solveig Håbet Bordal	Fagleiar/vemepleiar	x	x	x
Bodil Ræstholm	hjelpepleiar		x	x
Hans Christian Myklestui	Kommunelege I	x	x	

Frå tilsynsorganet deltok:

- Revisjonsleiar: Seniorrådgivar Vigdis Rotlid Vestad
- Revisor: Rådgivar/jurist Rolf Toven
- Revisor: Ass. fylkeslege Andreas Georg Kjerstad
- Observatør: Rådgivar Wenche Skjær, Statens helsetilsyn



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 23.02.2010

**SAK 03/10  
KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN  
I MIDSUND KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Midsund kommune

Staten har frå 01.07.2004 teke over det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkrevjarfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatterekneskapa, mens oppfølginga av den interne kontroll hos skatteoppkrevjar, blir utført av skattefuten.

I brev av 21.02.2005 kjem Skattedirektoratet med ei anbefaling til ny ordning for behandling av skatterekneskapa. Etter den nye ordninga er det føresett at dei kommunevise skatterekneskapa blir avgjeve ovanfor Skattedirektoratet v/skattefuten. Skatterekneskapa blir sett på som ein delrekneskap til Skatteetaten sin samla rekneskap. Den formelle revisjon er tillagt Riksrevisjonen, og vert utført som ein del av Riksrevisjonen sin kontroll av Skatteetaten si samla verksemd.

Riksrevisjonen sine konklusjonar etter den årlege revisjonen av skatterekneskapa vil bli kommunisert til Skattedirektoratet i avsluttande revisjonsbrev. Vesentlege og prinsipielle forhold vil i samsvar med gjeldande lover og reglar bli rapportert til Stortinget. Stortinget foretar desisjon (godkjenning) av Skatteetaten sitt samla rekneskap. Skattedirektoratet ser det difor ikkje lenger som naturleg at kommunestyret skal foreta ein formell desisjon av kommunen sitt skatterekneskap.

Etter ”*Midlertidig instruks for skattefogdens kontroll av skatteregnskapet*” skal skattefuten innan den 15. februar året etter rekneskapsåret utarbeide ein kontrollrapport for skatteoppkrevjarfunksjonen i den enkelte kommune. Denne omfattar også rekneskapskontrollen som blir utført av skatteetaten. Rapporten blir sendt til kommunestyret i den enkelte kommune med kopi til fylkeskommunen, Skattedirektoratet, Riksrevisjonen, skatteoppkrevjar og kommunen sitt kontrollutval.

Kommunestyret/kontrollutvalet skal etter det som er nemnt ovanfor ikkje lenger behandle sjølv skatterekneskapen, men får ved kontrollrapporten ei tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld også eventuelle forslag til tiltak og forbettringspunkt. Skattedirektoratet set ingen formelle krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbettringspunkt.

Skatteetaten vil normalt ikkje møte ved ei eventuell behandling av kontrollrapport/skatterekneskap som kommunestyresak.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Midsund kommune datert 11.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Kommunestyret i Midsund kommune

6475 MIDSUND

## Kontrollrapport 2009 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen i Midsund kommune

Vi har gjennomført kontroller knyttet til skatteoppkreverfunksjonen for Midsund kommune for 2009. Regnskapet viser per 31. desember 2009 en skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorene (etter fradrag for avsetning til marginkonto) på kr 156 691 326 og utestående restanser<sup>2</sup> på kr 6 075 622. Skatteregnskapet er avgitt av kommunens skatteoppkrever den 19. januar 2010.

### 1. Oppgaver og kontroll

Grunnlaget for skatteetatens kontroll av skatteoppkreverfunksjonen er *"Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne"* av 29. november 2007.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkreverfunksjonen utøves tilfredsstillende i henhold til gjeldende regelverk på følgende områder:

- Ressurser og tilpasset organisering
- Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskapet
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgiverkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkreverfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgavene med kontroll av skatteoppkreverfunksjonen.

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorene

<sup>2</sup> Sum åpne (ubetalte) forfalte debetkrav

## 2. Omfanget av kontrollen

Skattekontoret har i 2009 ikke gjennomført stedlig kontroll av skatteoppkreverkontoret. Siste stedlige kontroll ble avholdt 18. og 19. nov. 2008.

Skattekontoret har i 2009 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkreverkontoret for områdene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll.

## 3. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll mener skattekontoret følgende:

- ***Ressurser og tilpasset organisering***

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at skatteoppkreverkontoret er organisert slik at gjøremålene i henhold til skatteoppkreverinstruksen kan utføres tilfredsstillende. Skattekontoret har ingen spesielle anmerkninger til kontorets ressursituasjon.

Det anmerkes imidlertid at det er avdekket følgende vesentlige forhold hvor gjeldende lov, forskrift eller instruks ikke er overholdt:

Skatteoppkrever har ikke sendt inn virksomhetsplan for 2009.

Etter Skatteoppkreverinstruksen § 2-2 nr. 2 skal Skatteoppkreveren som en del av den interne kontrollen utarbeide virksomhetsplan for kontorets virksomhet.

- ***Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskap***

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at regnskapsføringen, rapporteringen og avleggelsen av skatteregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk og gir et rettvise uttrykk for skatteinngangen i regnskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevingen***

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av innkrevingsarbeidet og oppfølgingen av restansene i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk.

- ***Arbeidsgiverkontroll***


Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av arbeidsgiverkontrollen i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk, retningslinjer og utføres i

tilstrekkelig omfang.

#### 4. Ytterligere informasjon om kontrollene

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlinger i 2009 gitt pålegg og anbefalinger som er meddelt skatteoppkrever i brev av 26.01.2010.

Vennlig hilsen

  
Rune Langsø Johansen  
Avdelingsdirektør  
Innkrevingsavdelingen  
Skatt Midt-Norge

  
Stein-Ove Hjortland

Kopi til:

- Kontrollutvalget i Midsund kommune
- Skatteoppkreveren i Midsund kommune
- Riksrevisjonen
- Skattedirektoratet

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 23.02.2010

**SAK 04/10**  
**ORIENTERING OM DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN**

Som vedlegg følger:

- Brev frå Møre og Romsdal fylke datert 13.10.2009

Av brevet går det fram at realauken i kommunesektoren sine samla inntekter vil vere på ca 8 milliarder kroner og auken i frie inntekter er på ca 4,2 milliarder kroner. Den reelle veksten i frie inntekter skal vere auka med 3 prosent. Regjeringa legg til rette for ein betre økonomisk balanse i kommunane og styrking av tenestetilbodet. Det blir for øvrig vist til vedlagte dokument.

Med utgangspunkt i mellom anna det som går fram ovanfor og vedlegget blir det lagt opp til ei orientering frå rådmannen om den økonomiske situasjonen ut i frå tala frå kommune-rekneskapen for 2009 og vedteke budsjett for 2010.

Harald Rogne  
dagleg leiar

KOPI



Møre og Romsdal fylke



Kommunane i Møre og Romsdal

Dykkar ref:                      Dykkar dato: Vår ref:                      Vår saksbehandlar:                      Vår dato:  
FM: 2009/3477/TESA/331.2                      Terje Tveekrem Sæter, 71 25 84 49                      13.10.2009

## Statsbudsjettet 2010 og ordinært skjønstilskot

Vi vil her gå gjennom dei viktigaste punkta i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2010. Vidare vil vi gjere greie for vår tildeling av skjønsmidlar for 2010. Først vil vi sjå på hovudtala for heile kommunesektoren, det inkluderar også fylkeskommunane. Her vil vi fokusere på tal som syner den reelle veksten i inntektene. Deretter vil vi sjå på tala for kommunane i Møre og Romsdal deriblant det ordinære skjønstilskotet for 2010.

### Kommunesektoren samla

Realauka på om lag 8 milliardar i sektoren si samla inntekt er målt mot tal frå revidert nasjonalbudsjett (RNB). Auken tilsvarar 2,6 prosent. Dette er 2 milliardar kroner meir enn varsla i kommuneproposisjonen. Kommunesektoren sine totale inntekter er rekna til å kome på om lag 333 milliardar kroner i 2010. Av dette er om lag 226 milliardar frie inntekter. Dette utgjør om lag 17 prosent av bruttonasjonalprodukt (BNP) for fastlands-Noreg. Regjeringa sitt forslag gir eit overslag på 40,9 milliardar i reell inntektsauke sidan 2006, av dette er 19,9 milliardar vekst i dei frie inntektene.

Auka i sektoren si samla inntekt kan fordelast slik:

- Auke i frie inntekter:                      4,2 milliardar kroner
- Auke i øyremerkta overføringar:                      2,8 milliardar kroner
- Forsterka opplæring med meir:                      0,7 milliardar kroner
- Auka gebyrinntekter:                      0,2 milliardar kroner

I desse tala er det tatt høgde for ein kommunal deflator som er førebels rekna til 3,1 prosent for 2010.

### Auke i frie inntekter

Det viktigaste talet for kommunane er auken i frie inntekter som er forslått til vel 4,2 milliardar kroner i 2010. Dei frie inntektene er rammetilskot og skatteinntekter og utgjør i underkant av 70 prosent av kommunesektoren sine samla inntekter i 2010. Kommunane står fritt til å disponere desse pengane i tråd med lokale prioriteringar, innanfor ramma av gjeldande lovar og regelverk.

Auken i dei frie inntektene er grunngeve slik:

- 230 millionar kroner til styrking av det førebyggjande helsearbeidet i kommunane i samband med samhandlingsreforma.
- 1 milliard kroner til fylkeskommunane knytt til nye samferdselsoppgåver.
- Auka demografikostnader. Talfesta til om lag 1,5 milliardar kroner.
- Fleire nye årsverk i pleie og omsorg i tråd med Omsorgsplan 2015.
- Styrking av det kommunale barnevernet med 400 årsverk på landsbasis.
- Styrking av skuletilbodet:
  - Éin time meir per veke frå hausten 2010, fordelt på 1. – 7. trinn.
  - Åtte timar gratis leksehjelp frå hausten 2010, fordelt på 1. – 4. trinn.
  - Investeringsramma for rentekompensasjonsordninga for skulebygg og symjeanlegg aukast med 2 milliardar kroner. Ein budsjetteffekt på 28 millionar kroner.
  - Vidareføring av det midlertidige tillegget til lærlingtilskotet i tiltakspakka.

Kommunane får om lag 2,73 milliardar av auken i dei frie inntektene, fylkeskommunane 1,5 milliardar kroner. Det kommunale skatteøret er satt til 12,8 prosent. Identisk med 2009. Det er likevel forventa ein skattevekst for kommunane på 5,9 prosent. Dette har med at skatteveksten er forventa å bli relativ god i 2010.

#### Meirskattevekst i 2009

Skatteinntektene er no rekna til å bli 1,2 milliardar kroner meir enn det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Kostnadsveksten (deflatoren) er uendra, framleis rekna til 4,1 prosent for 2009. Denne meirskatteveksten får kommunane behalda i 2009, men den vert ikkje vidareført i 2010. Dette fører til at den reelle inntektsauka i 2009 blir større en det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. For kommunane sin del ligg dei an til å få ytterligare 950 millionar kroner i skatteinntekter i 2009. Målar vi reell vekst i forhold til desse tala, som omtalast som rekneskap 2009, kjem den reelle veksten i frie inntekter på om lag 3 milliardar kroner i 2010.

Dette gir også nye overslag for 2009. Den reelle veksten i kommunesektorens samla inntekter i 2009 er no rekna til å bli om lag 11,4 milliardar kroner, eller 4 prosent. Realveksten i dei frie inntektene er no rekna til om lag 6,1 milliardar kroner, tilsvarende 3 prosent. Regjeringa poengterar at veksten i 2009 har vore så sterk, at den legg til rette for ein betre økonomisk balanse hjå kommunane, samstundes som det kommunale tenestetilbodet har vorte ytterligare forsterka.

#### Ressurskrevjande tenestemottakarar

I tillegg til meirskatteveksten, har utbetalinga til ressurskrevjande tenestemottakarar auka frå om lag 3 milliardar kroner i 2008, til 4 milliardar kroner i 2009. Det har vore ei auke i talet på ressurskrevjande tenestemottakarar i ordninga på 17,6 prosent i 2009. Samstundes har utgiftene utover innslagspunktet auka med 10 prosent reelt. Denne sterke utgiftsveksten har ført til at regjeringa har foreslått endringar i ordninga:

- Overslag på auke i tenestemottakarar er i 2010 er satt til 8,1 prosent.
- Overslag på realauke av utgiftene per mottakar, er satt til 3,9 prosent i 2010.
- Kompensasjonen utover innslagspunktet blir redusert frå 85 til 80 prosent.
- Innslagspunktet blir justert opp med 3,6 prosent, til 865 000 kroner.

Blir endringane ved denne ordninga vedtatt, vil det påverke kommunane sin økonomi allereie i 2009. Det har å gjere med at kommunane skal inntektsføre pengane frå ordninga



det året utgiftene oppstår. Refusjon frå staten kjem på si side først året etter. Derfor vil endringane i ordninga gi effekt for kommunane i 2009. Til tross for endringane vil ordninga gi ein realauke på om lag 5,4 prosent frå 2009 til 2010.

#### Barnehagar

Regjeringa held fram med satsinga på barnehagar. Frå 2009 er det innført ein lovfesta rett til barnehageplass. Regjeringa tar no sikte på å innføre ein femårig opptrappingsplan for å sikre likeverdig behandling av alle barnehagar. Kunnskapsdepartementet tar derfor sikte på å auke minimumsforpliktinga frå 85 til 88 prosent til ikkje-kommunale barnehagar. Det blir gitt 82 millionar kroner til dette. Regjeringa vil vidareføre ein maksimalpris på kroner 2 330 per måned. Dette vil utgjere om lag 203 millionar kroner i 2010. Til slutt er det lagt til rette for etablering av om lag 7 200 nye barnehageplassar, som skal gi rom for 5 500 fleire barn i barnehagane. Dette er kostnadsberekna til om lag 463 millionar kroner i 2010.

#### Helse og omsorg

Som nemnt tidligare er der foreslått å auke dei frie inntekter med 230 millionar kroner for å styrke arbeidet med førebyggjande helsetiltak i kommunane i samband med samhandlingsreforma. Dette skal mellom anna bidra til betre helse i hjå folk, førebygge sjukdom og sjukdomsutvikling, avgrense unødige innleggingar på sjukehus og redusere behandlingsbehov. Det er òg forslag om å halde fram med å gi 33 millionar kroner til utvikling av lokalmedisinske sentra og samarbeid mellom kommunar og helseføretak, 8 millionar kroner til sjukestueprosjekt, 50 millionar kroner til samhandling mellom kommunar og distriktpspsykiatriske sentre og 5 millionar kroner til samhandlingstiltak innanfor rusfeltet. Alle ein del av samhandlingsreforma.

Investeringsstilskotet til omsorgsbustadar og sjukeheimar i samband med Omsorgsplan 2015, får ei tilskotsramme på 2 500 nye plassar i 2010. Den totale målsettinga på 12 000 nye plassar i perioden 2008-2015 er uendra. Talet på nye plassar blir likt med 2009.

Opptrappingsplan for rusfeltet blir styrka med 150 millionar kroner. Plana, med tiltak innanfor førebygging, behandling og rehabilitering i rusfeltet, varar ut 2010. Styrkinga skal gje oppfølging av plana, slik at rusfeltet samla er styrka med 835 millionar kroner i perioden 2006-2010.

#### Integrering

Ramma for integreringstilskotet blir auka frå 3,46 milliardar i 2009, til 4,23 milliardar i 2010. Årsaka er i all hovudsak at talet på personar som skal busettast har auka mykje frå 2009 til 2010. Tilskotet vart òg styrka ved at satsane auka med 5 000 i revidert nasjonalbudsjett i 2009. For 2010 blir satsane 574 300 kroner for vaksne og 554 300 kroner for barn. Kommunane har meldt inn at utgiftar knytt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap kjem dei første 2-3 åra ein person er i Noreg. Difor vert tilskotet til opplæring gjort om frå å vere femårig, til å bli treårig.

#### Innlemming av øyremerka tilskot

Krisetiltak som eit ledd i arbeidet med å førebygge kjønnslemlesing er foreslått lagt inn i rammetilskotet med 1,5 millionar kroner frå 2010. Pengane skal dekke frivillige underlivsundersøkingar som skal utførast av kommunehelsetenesta.

Tilskot til lokale vilttiltak vert lagt inn i rammetilskotet. Kommunane skal i utgangspunktet sjølv dekke driftsutgiftene til viltforvaltninga. Dette var varsla i kommuneproposisjonen for 2008 at tilskotet skulle trappast gradvis ned fram mot 2010.

### Forsterka skatteutjamning

I tråd med det som er sagt tidligare, aukar skatteutjamninga frå 57 til 59 prosent i 2010. I 2011 blir skatteutjamninga 60 prosent. Dette er i tråd med dei endringane i inntektssystemet som vart fatta i fjor.

### **Kommunane i Møre og Romsdal**

Kommunal- og regionaldepartementet utarbeidar fylkesflak kvart år i samband med statsbudsjettet. Fylkesflaket for Møre og Romsdal finn de på vår heimeside ([www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)). Vi vil her kort gå gjennom dei mest relevante tala frå fylkesflaket og grønt hefte (berekningsteknisk dokumentasjon til Prop. 1 S). Grønt hefte ligg ute på heimesida til Kommunal- og regionaldepartementet.

Fylkesflaket syner at det på landsbasis er lagt til grunn ein nominell vekst i kommunane sine frie inntekter på 4,7 prosent i høve til RNB og 4,1 prosent i høve til førebelse tal for rekneskapen 2009. Dei same tala for kommunane i Møre og Romsdal syner høvesvis 5,1 prosent og 4,5 prosent. Med andre ord ligg kommunane her i fylket an til å få ein noko større nominell vekst i 2010 enn landet elles. Fylkesflaket syner òg ein oversikt over utgiftskorrigererte frie inntekter i 2008. Den syner at kommunane i Møre og Romsdal hadde i snitt 97 prosent av landsgjennomsnittet. Altså noko mindre i frie inntekter når ein korrigerar for den einskilde kommune sine pårekna kostadar ved tenesteproduksjonen.

Alle veksttala er korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og endringar i finansiering mellom forvaltningsnivåa. Ein må òg presisere at eigedomsskatt og konsesjonskraftinntekter ikkje er med i tala for frie inntekter. Vidare er skatteveksten rekna ut med utgangspunkt i skattefordelinga i 2008. Den er framskreve med det samla skatteoverslaget for 2010 og innbyggjarar per 1. januar 2009. Alle kommunar har dermed blitt gitt den same skatteveksten for 2010.

### **Lokale skjønnsmidlar**

Møre og Romsdal fylke har tildelt lokale skjønnsmidlar for 2010. Også desse tala kjem fram i berekningsteknisk dokumentasjon til Statsbudsjettet (grønt hefte). Vi vil her gi ein litt nærare omtale av årets tildeling.

Dei lokale skjønnsmidlane skal ta omsyn til utgiftskrevjande forhold av tyding som kommunane sjølv ikkje kan påverke, og som ikkje er fanga opp i inntektssystemet. Skjønnsstilskotet er ein del av kommunane sine frie inntekter, og kommunane står derfor fritt i bruken av dei. Like fult har vi knytt tildelinga til særskilte forhold for at grunngjevinga skal kome tydligare fram.

Vi har bedt kommunane kome med innspel i forkant av tildelinga. Samstundes har vi hatt dialog med ulike fagavdelingar internt for best mogleg å fange opp særskilte forhold i dei 36 kommunane i fylket. Vi har i år mottatt innspel frå 24 kommunar. Ein skulle ønskje at fleire kommunar sendte oss innspel.

Det er viktig å presisere at det er ingen kommunar som har krav på skjønnsmidlar. Tildelinga kan i enkelte tilfeller variere mykje frå år til år. Men det er nokre forhold som vi gir tilskot til over ein lengre periode. Der er nok ein større del av tilskotet som er av midlertidig karakter i årets tildeling, enn kva det vart lagt opp til i fjor.

Vedlagt tabell syner 14 kolonner. Først har vi kolonnen "Sum grønt hefte". Den syner tildelte skjønnsmidlar i statsbudsjettet. Ser ein bort frå dei fem kommunane som er i Robek, er denne summen identisk med kolonne 3 "Sum kommune", og syner sum ordinære

skjønsmidlar 2010. For kommunar som er i Robek, har vi haldt tilbake ein del av tildelinga knytt til gjennomføring av forpliktande plan. Kommunar på Robek-lista har ikkje fått ekstra tildeling grunna at dei er på Robek. Men vi har halde tilbake noko av tildelinga for å sikre gjennomføring av forpliktande plan.

I dei siste elleve kolonnane har vi splitta opp tildelinga ("Sum kommune") etter ulike kriterium. Kolonne fire syner kompensasjon differensiert arbeidsgivaravgift til dei kommunane som framleis har høgare sats enn før omlegginga. Dette er tal berekna av Kommunal- og regionaldepartementet. Nesset kommune har vist at dei har fått litt for lite kompensert så langt, og har fått kompensert denne differansen. Aukra kommune får ikkje skjønsmidlar i år, grunna deira særeigne økonomiske stilling.

"Endring IS" og "Språkdelling" vart lagt inn i basisramma i fjor. Vi har valt å redusere kompensasjon for endring i inntektssystemet frå 2002-2006 med 1/3 i forhold til i fjor, med sikte på å trappe denne ned over tre år. Det kan bli aktuelt å kutte tildeling etter dette kriteriet ytterligere til neste år, men det vil vi først ta stilling til neste år. Språkdelling er ein kompensasjon til kommunar med særlege utgifter til språkdelling i skulen. Vi har redusert denne med ¼ i forhold til i fjor. Til neste år ønskjer vi å få eit nytt datagrunnlag for språkdelling.

"Eldreskjønn handlingsplan eldre" var eit øyremerka tilskot til kommunar som vart overført til skjønsmidlane. Vi har vidareført denne tildelinga også i år.

Sju kommunar har fått tildeling knytt til areal verna etter naturvernloven, og seks kommunar har fått tildeling knytt til den nasjonale rovviltpolitikken. Dette er kommunar som har særskilte utgifter knytt til forvaltning av samfunnet sine fellesressursar som ikkje blir fanga opp i inntektssystemet.

Kolonne 10 syner ein samlepost mellom anna for oppvekst, pleie og omsorg og sosialtenestene. Vi har valt å presentere dette samla for at tildelinga ikkje skal kunne påføre sårbare tenestemottakar noko form for ubehag. Vi har prøvd å kompensere kommunar som har særskilte utgifter til mellom anna barnevern, spesialundervisning, ressurskrevjande brukarar, HVPU-reforma, pleie og omsorg, barnehage og skyss av helsepersonell.

Kolonna "Beredskap" syner tildeling til kommunar som har tatt på seg ekstra utgifter til drift av Beredskapssenteret IKS på Stranda. Dette er ein støtte til dei kommunane som har tatt på seg driftsutgiftene til Beredskapssenteret, samt eit tilskot til Rauma kommune i samband med beredskapssituasjonen grunna fjellet Mannen. Dette tilskotet vert ikkje automatisk vidareført til neste år. Vi må sjå kva som skjer med ansvarsfordelinga for drifta til neste år. Dersom kommunane får tilskot til neste år, må kommunane vere førebudd på at tilskotet blir redusert.


Under "spesielle saker" har vi gitt eit særskilt tilskot til Volda kommune grunna at dei sitt igjen med eit ansvar for å rydde opp etter konkursen til olivinbruddet i Dalsfjorden. Stranda kommune har fått ei tildeling grunna utarbeiding av kommunedelplan vasskraft. Vestnes kommune har fått ei tildeling grunna særskilte utfordringar knytt til miljøvennleg tettstadsutvikling. Fire kommunar har fått tilskot grunna overvåkingsprosjekt av Sunndalsfjorden/Tingvollsfjorden. Sunndal kommune har fått tilskot grunna at dei starta utbygging av omsorgsbustadar for tidlig for å få tilskot gjennom "Omsorgsplan 2015". Dette er eit tildeling av midlertidig art, og kommunen kan ikkje forvente at dei får tilsvarende tildeling i 2011. Men vi vil heller ikkje no heilt utelukke at kommunen vil få ein kompensasjon grunna dette og til neste år. Rindal kommune har fått ei særskilt tildeling grunna at dei har gjennomført omfattande endringar ved renseanlegget etter nedlegging av meieriet.

Nest siste kolonne syner ekstra skjønnsmidlar til inntektssvake kommunar i Sør-Noreg som ikkje får distriktspolitiske tilskot i 2010. I år har vi fordelt om lag halvparten av dette etter eit fast beløp til dei aktuelle kommunane, og den siste halvparten etter folketalet 1.juli.2009. Endelege summer er runda av. I fjor var summer ein million kroner meir, og vi måtte fordele dei etter at statsbudsjettet vart lagt fram. Da var anslag på utgiftskorrigerede inntekter for neste år kjent, og vi fordelte desse pengane skjønsmessig etter dei anslaga. Vi har derfor blitt tvungen til å endre måten å fordele dette tilskotet på i år, da vi ikkje kjente overslag på utgiftskorrigerede frie inntekter ved tildelingstidspunkt.


Til slutt har vi ei generell vurdering som i all hovudsak er basert på skjønsmessig vurdering. Her har vi mellom anna sett på økonomiske utfordringar, ikkje minst kommunar med særskilt svak skatteutvikling. Vi har her også forsøkt å ta omsyn til kommunar med spesielle utfordringar av kortsiktig karakter. Dette er ein post som vil varierer frå år til år, men vi tar her også omsyn til at kommunar ikkje skal få dramatiske reduksjonar i skjønnsdelingane dersom dette ikkje er naturleg eller kjent.

Vi ber kommunane ta kontakt med oss dersom noko skulle vere uklart. Vi vil snarlig sende ut eit brev om krava til neste års budsjett og økonomiplan. I samband med det brevet vil vi tilby kommunar som er registrert i Robek eit oppfølgingsmøte.

Med helsing



Marit Heggstad  
avdelingsdirektør



Teje Tveekrem Sæter  
rådgivar

Vedlegg: Tabell ordinært skjønn 2010

Kopi:

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS  
Kommunerevisjonsdistrikt nr 2 i Møre og  
Romsdal  
Distriktsrevisjon Nordmøre  
Kommunerevisjonsdistrikt nr 3 i Møre og  
Romsdal

Postboks 143 Rådhuset  
Rådhuspl. 1

6067 Ulsteinvik  
6413 Molde

Kaibakken 1  
Postboks 7734 Spjelkavik

6509 Kristiansund N  
6022 ÅLESUND

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 23.02.2010

**SAK 05/10  
NY OPPGÅVE FOR KOMMUNANE - BEREDSKAPSPLIKT**

Som vedlegg følger:

eINFO 09/18

Ved ei endring som trer i kraft 1. januar 2010 av lov 17. juli 1953 nr. 9, har kommunane fått ei ny oppgåve, som går fram av ny § 15a første ledd:

*Kommunane plikter å kartlegge uønska hendingar som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynlegheita for at disse hendingane inntreffer og korleis dei i so fall kan påverke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderast og samanstillast i ei heilheiteig risiko- og sårbarhetsanalyse”.*

Etter ny § 15c første ledd skal fylkesmannen føre tilsyn ”med lovlegheita av kommunen sin gjennomføring av plikter pålagt i §§ 15a og 15b”.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

## eINFO 09/18 Ny oppgave for kommunene: beredskapsplikt

Ved en endring som trer i kraft 1. januar 2010 av lov 17. juli 1953 nr. 9 har kommunene fått en ny oppgave, som beskrives slik i ny § 15a første ledd:

*Kommunene plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse”.*

Dette følges opp slik i ny § 15b første ledd:

*”Med utgangspunkt i risiko- og sårbarhetsanalysen etter § 15a skal kommunen utarbeide en beredskapsplan”.*

Etter ny § 15c første ledd fører fylkesmannen tilsyn ”med lovligheten av kommunens oppfyllelse av plikter pålagt i §§ 15a og 15b”.

Lovens tittel er også endret, slik at den skal lyde:

*”Lov 17. juli 1953 nr. 9 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret”.*

Lovendringa bygger på Ot.prp. nr. 61, og Innst. O. nr. 80 for 2008-2009, og endringsloven er datert 19. juni 2009 nr. 83. Saken har sin bakgrunn i NOU 2000:24 *Et sårbart samfunn* og stortingsmeldingene nr. 17 (2001-2002) og 22 (2007-2008). I sistnevnte melding sies følgende om hva den nye plikten innebærer:

*”Den kommunale beredskapsplikten skal både inneholde plikt til sektorovergripende risiko- og sårbarhetsanalyse for lokalsamfunnet og en plikt til å utarbeide en generell beredskapsplan som angir tiltak for håndtering av ulike typer kriser. Som ledd i dette skal det angis minimumskrav til kommunens krisehåndteringsevne, som blant annet krav om plan for kriseledelse, varsling, evakuering og informasjon til publikum og presse. Det er en målsetting at kommunene selv tar ansvar for et systematisk, kontinuerlig og kvalitetsmessig godt arbeid med beredskap. Denne beredskapsplikten skal ikke erstatte, men komplettere beredskapsplikter som følger av sektorregelverket, og arbeidet skal ikke gå på bekostning av allerede fastlagte beredskapsplikter, som beredskap mot akutt forurensning og helsemessig og sosial beredskap”.*

### Norges Kommunerevisorforbund

Revisjon og tilsyn – til beste for kommuner og fylkeskommuner

Postadresse:  
Postboks 1417 Vika  
0115 OSLO

Besøksadresse:  
Munkedamsveien 3B, 3. etg.

Telefon: 23 23 97 00  
E-post: post@nkrf.no  
Web: www.nkrf.no

Org.nr.: 975 450 694  
Kontonr.: 1450.12.70424

Om de økonomiske og administrative konsekvensene sier departementet i proposisjonen:

*”Lovfesting av kommunal beredskapsplikt innebærer systematisering av oppgaver som allerede tilligger kommunene gjennom ulovfestede prinsipper for sikkerhet og beredskap på lokalt nivå. Beredskapsarbeidet forutsettes ivaretatt av de ordinære beslutningsprosesser i kommunene. Det legges til grunn at kommunene har kompetanse til å utarbeide overordnede risiko- og sårbarhetsanalyser. Undersøkelser viser for øvrig at nær sagt alle kommuner har planer for kriseledelse og informasjon.*

*De økonomiske konsekvensene av lovbestemt beredskapsplikt antas derfor å være minimale, men vil variere ut fra kommunens størrelse, risikoforhold i den enkelte kommune og eksisterende status for beredskapsarbeid i kommunen”.*

Oslo, 2. september 2009  
Norges Kommunerevisorforbund

Bernt Frydenberg  
Juridisk rådgiver

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 23.02.2010

**SAK 06/10**  
**ORIENTERING OM IGANGSETT FORVALTNINGSREVISJON**

Det er no igangsett eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innan vatn, avløp og slamtømming. Kommunerevisjonen vil gi ei nærare orientering i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar



# SLUTTRAPPORT

OU-prosess planområde 3 (enhetene Helse, Butenesta, Heimetenesta og Sjukeheimen)

## Saksgang:

- 02.11. Møte nr 1: Gjennomgang av behov og mål for endring. Vurdering av prosess.  
(Unn Ugelvik/Sjukeheimen møtte ikke).
- 10.11. Orientering til Formannskapet
- 11.11. Møte nr 2: Gjennomgang av bakgrunn og mål for endring. Vurdering av prosess.  
Her kom Delta og Fagforbundet med i prosessen.
- 16.11. Felles personalmøte for alle enhetene hvor det ble orientert om samhandlingsreformen og prosessen.
- 21.11 Orientering i ledermøte
- 03.12. Møte nr 3: Framleggelse ulike organisasjonsmodeller
- 11.12. Møte nr 4. Vurdering av fordeler og ulemper ved ulike organisasjonsmodeller  
Drøfting av lederkrav/egenskaper.  
(Unn Ugelvik/Sjukeheimen og Delta møtte ikke).
- 15.12. Orientering til formannskapet.

17.12. Kommunestyret

## Prosessledelse:

Rådmannen var leder og personalsjefen var sekretær.

## Prosessens bakgrunn:

- A) nåværende struktur hindrer samarbeid/samordning. Strukturen fører til konkurranse mellom enhetene om ressurser. Tilbakemelding fra enhetsledere innenfor planområdet, ansatte, tillitsvalgte om endring
- B) konflikt mellom ledere
- C) vurdere organisering som følge av samhandlingsreformens fokus på blant annet helhetlig pasientforløp og forebygging.

## Prosessens formål:

- økt samordning
- helhetlig pasientforløp
- integrere helse/forebygging
- større, solide og attraktive fagmiljøer
- mer effektiv, kvalitativ og fleksibel tjenesteproduksjon.

## Ønsket effekt for øvrig:

Mer nytenkning, kritisk tenkning knyttet til nåværende praksis, søke nye arbeidsformer, kreativitet, kvalitet, samhandling, ansvarliggjøring, medvirkning, faglig utvikling, entusiasme, arbeidsglede, effektivisering, fornøyde brukere, gode læringsarenaer og reduserte kostnader.

## **Følgende organisasjonsmodeller er vurdert:**

### **Modell A): 4 enheter blir til 2. Butenesta og Helse slås sammen, og Sjukeheimen og Heimetenesta slås sammen, inkludert psykisk helse.**

Vurderinger: utnytter fellesressurser Sjukeheimen og Heimetenesta, større fagmiljø, tar lite hensyn til intensjonene i samhandlingsreformen, stort lederspenn, de ansatte i Heimetenesta ønsker ikke sammenslåing med Sjukeheimen, forutsetter avdelingsledelse under de to enhetslederne (flere ledere), Helse blir oppsplittet, sammenslåing Helse og Butenesta ikke nærliggende, strategi- og planarbeid blir oppdelt.

### **Modell B): De 4 enhetene blir omgjort til 4 avdelinger under ledelse av én enhetsleder**

Vurderinger: Personalkonflikter kan bli videreført dersom det ikke blir satt klart definerte inndeling av ansvar mellom enhetsleder og avdelingsledere, ”båstenkningen” kan bli videreført, mindre innflytelse opp i systemet, mulighet for mer overordnet og helhetlig utvikling av helsetjenester, lettere å koordinere tjenestene, mer fleksibilitet, økt samhandling, bedre ressursutnytting, åpner opp for nytenkning avdelingene i mellom, oppfyller forventningene i samhandlingsreformen, mer robuste og fleksible fagmiljø, mulighet for flere heltidsstillinger

### **Modell C): Sjukeheim og Heimetenesta slås sammen, Helse og Butenesta videreføres som egne enheter.**

Vurderinger: stort lederspenn, motstand i Heimetenesta mot sammenslåing, positivt med stort fagmiljø, bedre samhandling og koordinering innenfor Heimetenesta og Sjukeheimen, Helse ikke integrert, mindre fleksibilitet fagmiljø ift Helse og Butenesta, ubalanse i lederstruktur.

### **Modell D): Dagens struktur**

Vurderinger: Denne er ikke tilpasset samhandlingsreformen, konflikter og kamp om ressurser vil vedvare, små fagmiljø, lite samhandling og koordinering.

### **Konklusjon:**

4 enheter blir endret til 1 enhet med 4 avdelinger. Enheten blir ledet av en enhetsleder og det blir 4 avdelingsledere. Stillingene bemannes etter intern utlysning.

### **Dokumenter i prosessen:**

- 4 møtoreferater
- organisering av planområde 3, (Unn Ugelvik)
- sammenfatning fra personalmøte enhet Sjukeheimen 16.11.09, (Unn Ugelvik)
- innspill fra medlemsmøte Fagforbundet 17.11.09, (Ann-Heidi Orvik)
- uttale Delta fra medlemsmøte 11.12.09, (Oddny Gangstad)
- om samhandlingsreformen, 7.12.09
- innspill fra enhetsleder Sissel Orvik 3.12.09
- innspill fra kommunelege Hans-Christian Myklestul om konsekvenser av endring i ledelsesstruktur innen helsetjenesten, 3.12.09.

### **Veien videre:**

- 1) tilsette leder for enheten (intern utlysning rettet til Sissel Orvik, Karianne Vasseng, Unn Ugelvik og Leif Arne Lagesen)
- 2) tilsette 4 avdelingsledere etter intern utlysning
- 3) utarbeide stillingsomtaler for lederne
- 4) evt. endringsoppsigelser
- 5) finne gode arbeidsformer
- 6) legge strategi for å møte mulighetene og forventningene i samhandlingsreformen (prosjektorganisering med aktiv medvirkning fra de ansatte).



Helge Løken  
<heloken@online.no>  
25.02.2010 21:35

Til "Harald Rogne" <harald.rogne@kontrollutvalg.no>  
cc "Reidar Tangen" <reidartangen@gmail.com>  
bcc  
Emne Fw: Sak for kontrollutvalget.

Logg:  Denne meldingen er videregitt.

Hei.

Fikk en henvendelse (se under) fra Reidar Tangen i dag vedrørende den "omorganiseringen" som rådmannen har gjort i helsesektoren med en felles leder for sykehjemmet, åpen omsorg og Lønn (PU). I tillegg er det vel en del stillingsendringer / endringer på stillingsbetegnelser. Reidar mener de endringene rådmannen har utført ikke er i tråd med vedtatt struktur i kommunen og vil at kontrollutvalet skal se på saken. Kan du sjekke litt rundt dette så vi er i stand til å gi et skikkelig svar til Reidar. Jeg har ikke sendt dette til rådmannen. Regner med at det ikke er nødvendig ennå, eller?? Er dette en sak så kan vi diskutere det på møtet neste uke, ev. orientere utvalet og administrasjonen om henvendelsen fra Reidar Tangen.

Ville satt pris på om du kunne avklare litt rundt dette.

Mvh  
Helge

**From:** Reidar Tangen  
**Sent:** Thursday, February 25, 2010 7:46 PM  
**To:** Helge Løken  
**Cc:** Rita Ræstad  
**Subject:** Sak for kontrollutvalget.  
Hei!

Som du sikkert har registrert så er helse sektoren omorganisert. Prosessen rundt dette er "både skremmende og lite demokratisk og er heller ikke i tråd med kommunestyresak 05/053 av 3.11.05. I saksutgreiingen står det i historikkdelen i omtalte sak:

*"Kommunestyret vedtok den 18.12.95 flat struktur , med 14 resultatenheter. Til tross for dette praktiserer vi i dag en sektor organisering, med sektorledere. Det kan virke som om administrasjonen på eget initiativ endret lederstrukturen til dagens hierarkistisk sektormodell....."*

Rådmannen orienterte formannskapet om prosessen etter at den var igangsatt, men bruker dette som et besstillingsverk fra formannskapet. Han har orientert formannskapet underveis, men svarer unnvikende på spørsmål fra undertegnede om prosessen. Siste gang dette var oppe i formannskapet fikk vi levert et møterferat. Det var det første referatet som var utdelt, men fra 4. møtet. Vi vart samtidig orientert om at han holdt på med en sluttrapport. Denne sluttrapporten er ikke mottatt sjøl om prosessen er gjennomført, ansettelse foretatt med virkning fra 1. februar 2010. Kunne ha sagt mykje meir, men det er ønskelig at Kontrollutvalget selv danner seg et bilde om dette er en prosess som Midsund Kommune vil være bekjent av og ikke minst om det er i tråd med nevnte kommunestyrevedtak.

Om det skulle være behov for ytterligere informasjon fra undertegnede er det bare å ta kontakt.

Mvh

Reidar Tangen

Med vennlig hilsen/Best regards

Helge Løken  
6475 Midsund

e-mail: [heloken@online.no](mailto:heloken@online.no)  
Cell: +4795825337